



# Tokke kommune

## Plan, næring og teknisk etat

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

### MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:  
«REF» 2020/2259-22 Gunhild L12 04.10.2021  
— Austjord, 35075241

### 120/3 - Reguleringsplan for Modalen - Dalaåi massetak/ -deponi

Her følgjer særutskrift av kommunestyret si sak nr. 21/68. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark trekke motsegna til planen i brev 30.09.21.

Retta planmateriale blir lagt ut på kommunen sine heimesider.

*Vedtaket kan påklagast til Tokke kommune. Klagefristen er 3 veker fra den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen sitt utløp.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnar du vil anføre for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje når denne meldinga kom fram.*

Med helsing

Gunhild Austjord  
Kommunalsjef for plan, næring og teknisk

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*

**Tokke kommune**

Arkiv: L12  
 Saksnr.: 2020/2259-17  
 Saksbeh.: Gunhild Austjord  
 Direkte tlf.: 35075241  
 Dato: 02.06.2021

**Saksframlegg**

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Formannskapet	21/55	08.09.2021
Kommunestyret	21/68	21.09.2021

**120/3 - Reguleringsplan for Modalen - Dalaåi massetak/ -deponi**

Vedlegg:

- 1 120/3 - Framlegg til ny reguleringsplan Modalen/ Dalaåi massetak/-deponi:  
Høyring og offentleg ettersyn
- 3 120/3 Ny reguleringsplan for Modalen - Dalaåi massetak/ deponi
- 4 120/3 PlandokModalen\_171220
- 5 Reguleringsplan for Modalen - Dalaåi masseuttak/deponi
- 6 PlankartModalen17122020
- 7 Referat oppstartsmøte Modalen
- 8 Innspel til planarbeidet
- 9 120/3 - Spørsmål om utarbeiding/ utviding av reguleringsplan massetak og deponi  
Dalåi og evt krav til planarbeidet
- 9 Vurdering konsevensutgreiing, KU
- 10 Innspel til framlegg til ny reguleringsplan Modaen/ Dalaåi massetak/-deponi:  
Høyring og offentleg ettersyn
- 11 120/3 - NVEs uttalelse til offentlig ettersyn - Reguleringsplan for Modalen/ Dalaåi  
massetak/deponi
- 12 120/3 - Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for utviding av  
Modalen/Dalåi massetak og -deponi
- 13 Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan for Modalen - Dalaåi massetak
- 14 120/3 - Samordning av statlege innvendingar - reguleringsplan for Modalen-Dalaåi  
masseuttak/deponi
- 15 Samordning av statlege motsegner - motsegna fremmast - reguleringsplan for  
Modalen-Dalaåi masseuttak\_deponi - Tokke kommune.pdf

**Saksdokument:**

Gjeldande reguleringsplan:

[Reguleringsplanar - TOKKE KOMMUNE](#)

### **Saksutgreiing:**

Framlegg til ny reguleringsplan for Modalen – Dalaåi massetak/ - deponi blei vedteke og lagt ut til offentleg ettersyn i sak 21/26 den 07.04.2021. Planen har vore på høyring i perioden 11.04. - 24.05.2021. Saka ved 1. gongs handsaming følgjer vedlagt og gjer greie for planframlegget.

Etter høyring har det kome inn 5 høyringsfråsegner som følgjer vedlagt saka. Uttalene er gjort kort greie for nedanfor saman med evt vurderingar.

### Statens vegvesen:

Har ingen merknader til planframlegget.

### Vestfold og Telemark Fylkeskommune:

Har ingen ytterlegare merknader enn dei som blei sendt ved varsel om oppstart av planarbeidet, me minner om at området må sikrast.

### Direktoratet for mineralforvaltning, DirMin:

Dirmin gjev dei eit fagleg råd om at det blir teke inn ei føresegn om sikring på følgjande måte: «Uttaket skal alltid vere forsvarleg sikra under drift. Detaljar omkring sikringstiltaka kjem gjennom driftsplan».

I tillegg rår Dirmin til at føresegn § 5.1.1 utdjupast med følgjande: «Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova.»

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til eit dei to faglege framlegga blir lagt inn i planen. Dette er med på å presisere forhold kring drift og ansvarstilhøve.

### Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE

NVE meiner det burde har vore gjort nærmare utgreiingar i høve til sikkerheit mot ras og flaum i området og at bekkar i planområdet burde registrerast og regulerast inn.

### **Vurdering:**

Rådmannen meiner at dei tiltaka som er gjort greie for i planmaterialet og med avbøtande tiltak som sikringssone mot elva, sedimentasjonsdam m.m. ivaretak vassdragsomsynet.

Når det gjeld rasfare meiner me vidare at eit massetak/ -deponi som gjeng inn under tiltaksklasse K2 i Tek17 og utan bygg/ varig opphold, gjer til at det ikkje må utgreiaast nærmare tiltak for sikkerheit enn det som gjeng fram av planomtala. Det må likevel presiserast i føresegne at det ikkje kan etablerast bygg for varig opphold i planområdet.

### Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statsforvaltaren ved miljødirektøren fremmar motsegn mot planforslaget med heimel i plan- og bygningslova § 5-4, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.12 om verna vassdrag og punkt 3.7 om vassmiljøkvalitet. Planforslaget sikrar ikkje tilstrekkelege avbøtande tiltak og kontroll med at utvidinga av masseuttaket/deponiet ikkje medfører avrenning/ forureining

til Dalaåi. Dette er i strid med omsynet til verna vassdrag og miljømål for tilstanden i elva sett i vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan.

Motsegna kan løysast ved at ein sakkunnig greier ut, beskriv og grunngir val av reinseløysing, og at denne avmerkast i plankartet og blir sikra i reguleringsføresegnene; ved at det i føresegnene blir fastsette krav om eit kvalifisert prøvetakings-/overvakingsprogram; og ved at det blir tatt inn ei føresegn om mottakskontroll av massar og avstenging av området utanom opningstidene.

Me visar elles til høyringsfråsegna med motsegner frå statsforvaltaren og til eige brev vedk statsforvaltaren si rolle i saker med motsegner. Desse følgjer vedlagt.

Kommunalsjefen har i samband med dei motsegnene som er fremja av statsforvaltaren, hatt dialog med rådgjevar på miljøvernnavdelinga. Fram mot handsaming av saka i kommunestyret, gjer rådmannen framlegg om føresegner og krav til planen som imøtekjem motsegnene, med tanke på at dei blir trekt som følgje av dette. I motsett fall kan ikkje reguleringsplanen vedtakast og Tokke kommune må gå i mekling med statsforvaltaren v/ miljødirektøren.

Framlegg til føresegn kring krav til reinseløysing og sedimentasjonsdam:

*I samband med utarbeiding av driftsplan skal det utgreiast tiltak og prosjekterast sedimentasjonsdam som hindrar forureining/ avrenning frå anlegget.*

*Sedimentasjonsbassenget må planleggast og driftast slik at utsleppa ikkje overskrid 25 mg/l suspendert stoff og hindrar nedslamming. Planen for sedimentasjonsdam skal leggjast ved framlegget til driftsplan. Reinseltak (t.d. sedimentasjonsbasseng) må dokumenterast gjennom ein detaljert plan for reinsing og fordrøyning av overflatevatn, som viser reinseprinsipp, dimensjonering, arealbehov og reinseeffekt. I tillegg må tiltak mot akutt forureining bli nærmere greidd ut. Arbeidet må gjerast av sakkunnig.*

Framlegg til føresegn om systematisk prøvetaking av vasskvalitet i Dalaåi:

*Før drift av massetaket/-deponiet kan i gangsetjast, må det ligge føre eit godkjent prøvetakings-/ overvakingsprogram for å dokumentere at dei avbøtande tiltaka fungerer og at avrenning/forureining frå planområdet til Dalaåi, ikkje har negativ påverknad på elva. Eit slikt måleprogram må utformast av sakkunnige. Resultata frå måleprogrammet må leggast inn i Vann-nett, og kommunen må varslast viss prøvene indikerer uakzeptabel avrenning/forureining frå planområdet. Måleprogrammet må setjast i verk før oppstart av anleggsarbeidet.*

Framlegg til føresegn for å i møtekome motsegna knytt til mottakskontroll:

*Massedeponiet skal vere fysisk stengt med bom, utanom opningstidene. Ved registrering/ mottakskontroll av masser for deponering, skal type masser kontrollerast og loggførast.*

Regulert vegetasjonssone mot Dalaåi, er utvida planframlegg vidareført frå gjeldande plan med 20 meter. Ved ein feil er det nemnd 50 meter i saksutgreiinga ved fyrste gongs handsaming.

Det er viktig at skrapmasser som skal leggast i grensa til vegetasjonsskjermen som ei ekstra sikring mot flaum og avrenning, ikke øydelegg naturleg vegetasjon langs vassdraget.

### Rådmannen si tilråding:

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 blir framlegg til reguleringsplan for Modalen – Dalaåi massetak/-deponi - del av gnr 120 bnr 3, vedteken med følgjande endringar og med vilkår om at Statsforvaltaren trekkjer motsegnene til planframlegget:

1. Framlegg til føresegnskring kring krav til reinseløysing og sedimentasjonsdam:

*I samband med utarbeiding av driftsplan skal det utgriast tiltak og prosjekterast sedimentasjonsdam som hindrar forureining/ avrenning frå anlegget.*

*Sedimentasjonsbassenget må planleggast og driftast slik at utsleppa ikkje overskrid 25 mg/l suspendert stoff og hindrar nedslamming. Planen for sedimentasjonsdam skal leggjast ved framlegget til driftsplan. Reinseltak (t.d. sedimentasjonsbasseng) må dokumenterast gjennom ein detaljert plan for reinsing og fordrøyning av overflatevatn, som viser reinseprinsipp, dimensjonering, arealbehov og reinseeffekt. I tillegg må tiltak mot akutt forureining bli nærmere greidd ut. Arbeidet må gjerast av sakkunnig.*

2. Framlegg til føresegnskring om systematisk prøvetaking av vasskvalitet i Dalaåi:

*Før drift av massetaket/-deponiet kan i gangsetjast, må det ligge føre eit godkjent prøvetakings-/ overvakingsprogram for å dokumentere at dei avbøtande tiltaka fungerer og at avrenning/forureining frå planområdet til Dalaåi, ikkje har negativ påverknad på elva. Eit slikt måleprogram må utformast av sakkunnige. Resultata frå måleprogrammet må leggast inn i Vann-nett, og kommunen må varslast viss prøvene indikerer uakzeptabel avrenning/forureining frå planområdet. Måleprogrammet må setjast i verk før oppstart av anleggsarbeidet.*

3. Framlegg til føresegnskring for å imøtekome motsegnar knytt til mottakskontroll:

*Massedeponiet skal vere fysisk stengt med bom, utanom opningstidene. Ved registrering/ mottakskontroll av masser for deponering, skal type masser kontrollerast og loggførast.*

4. Ny føresegnskring om sikring av området:

*Uttaket skal alltid vere forsvarleg sikra under drift. Detaljar omkring sikringstiltaka kjem gjennom driftsplan.*

5. Utdjuping av føresegnskring § 5.1.1 med følgjande:

*Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løvye etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndighet etter lova.*

## Saksprotokoll i Formannskapet - 08.09.2021

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 blir framlegg til reguleringsplan for Modalen – Dalaåi massetak/-deponi - del av gnr 120 bnr 3, vedteken med følgjande endringar og med vilkår om at Statsforvaltaren trekkjer motsegnene til planframlegget:

1. Framlegg til føresegns kring krav til reinseløysing og sedimentasjonsdam:

*I samband med utarbeiding av driftsplan skal det utgriast tiltak og prosjekterast sedimentasjonsdam som hindrar forureining/ avrenning fra anlegget.*

*Sedimentasjonsbassenget må planleggast og driftast slik at utsleppa ikkje overskrid 25 mg/l suspendert stoff og hindrar nedslamming. Planen for sedimentasjonsdam skal leggjast ved framlegget til driftsplan. Reinsetiltak (t.d. sedimentasjonsbasseng) må dokumenterast gjennom ein detaljert plan for reinsing og fordrøyning av overflatevatn, som viser reinseprinsipp, dimensjonering, arealbehov og reinseeffekt. I tillegg må tiltak mot akutt forureining bli nærmere greidd ut. Arbeidet må gjerast av sakkunnig.*

2. Framlegg til føresegns om systematisk prøvetaking av vasskvalitet i Dalaåi:

*Før drift av massetaket/-deponiet kan i gangsetjast, må det ligge føre eit godkjent prøvetakings-/ overvakingsprogram for å dokumentere at dei avbøtande tiltaka fungerer og at avrenning/forureining frå planområdet til Dalaåi, ikkje har negativ påverknad på elva. Eit slikt måleprogram må utformast av sakkunnige. Resultata frå måleprogrammet må leggast inn i Vann-nett, og kommunen må varslast viss prøvene indikerer uakzeptabel avrenning/forureining frå planområdet. Måleprogrammet må setjast i verk før oppstart av anleggsarbeidet.*

3. Framlegg til føresegns for å imøtekome motsegnna knytt til mottakskontroll:

*Massedeponiet skal vere fysisk stengt med bom, utanom opningstidene. Ved registrering/ mottakskontroll av masser for deponering, skal type masser kontrollerast og loggførast.*

4. Ny føresegns føresegns om sikring av området:

*Uttaket skal alltid vere forsvarleg sikra under drift. Detaljar omkring sikringstiltaka kjem gjennom driftsplan.*

5. Utdjuping av føresegns § 5.1.1 med følgjande:

*Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndighet etter lova.*

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.09.2021

Formannskapets vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 blir framlegg til reguleringsplan for Modalen – Dalaåi massetak/-deponi - del av gnr 120 bnr 3, vedteken med følgjande endringar og med vilkår om at Statsforvaltaren trekkjer motsegnene til planframlegget:

1. Framlegg til føresegns kring krav til reinseløysing og sedimentasjonsdam:

*I samband med utarbeiding av driftsplan skal det utgriast tiltak og prosjekterast sedimentasjonsdam som hindrar forureining/ avrenning frå anlegget.*

*Sedimentasjonsbassenget må planleggast og driftast slik at utsleppa ikkje overskrid 25 mg/l suspendert stoff og hindrar nedslamming. Planen for sedimentasjonsdam skal leggjast ved framlegget til driftsplan. Reinseltak (t.d. sedimentasjonsbasseng) må dokumenterast gjennom ein detaljert plan for reinsing og fordrøyning av overflatevatn, som viser reinseprinsipp, dimensjonering, arealbehov og reinseeffekt. I tillegg må tiltak mot akutt forureining bli nærmere greidd ut. Arbeidet må gjerast av sakkunnig.*

2. Framlegg til føresegns om systematisk prøvetaking av vasskvalitet i Dalaåi:

*Før drift av massetaket/-deponiet kan i gangsetjast, må det ligge føre eit godkjent prøvetakings-/ overvakingsprogram for å dokumentere at dei avbøtande tiltaka fungerer og at avrenning/forureining frå planområdet til Dalaåi, ikkje har negativ påverknad på elva. Eit slikt måleprogram må utformast av sakkunnige. Resultata frå måleprogrammet må leggast inn i Vann-nett, og kommunen må varslast viss prøvene indikerer uakzeptabel avrenning/forureining frå planområdet. Måleprogrammet må setjast i verk før oppstart av anleggsarbeidet.*

3. Framlegg til føresegns for å imøtekome motsegnar knytt til mottakskontroll:

*Massedeponiet skal vere fysisk stengt med bom, utanom opningstidene. Ved registrering/ mottakskontroll av masser for deponering, skal type masser kontrollerast og loggførast.*

4. Ny føresegns føresegns om sikring av området:

*Uttaket skal alltid vere forsvarleg sikra under drift. Detaljar omkring sikringstiltaka kjem gjennom driftsplan.*

5. Utdjuping av føresegns § 5.1.1 med følgjande:

*Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigkeit etter lova.*